



Gaute Birkeland  
Postboks 57  
6847 VASSENDEN

Vår ref.:  
24/14139-1

Dykkar ref.:

Saksbehandlar:  
Bjørn Leon Rusken

Dato:  
18.11.2024

## Informasjonsskriv til tiltakshavarar som har søkt om utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader og fritidsbustader i tidsrommet 2020-2023

### Bakgrunn for informasjonsskriv

Dette er eit informasjonsskriv til alle tiltakshavarar som har søkt om utslepp av sanitært avløpsvatn i tidsrommet 2020-2023. Brevet blir sendt til noverande og tidlegare eigarar, festarar og tiltakshavarar og/eller søkjarar av nye avløpsanlegg eller eigedommar med nye avløpsanlegg i Sunnfjord kommune i åra 2020-2023.

Asplan Viak har gått gjennom alle søknadene frå dette tidsrommet og peika på svakheiter ved saksbehandlinga.

Du får dette brevet fordi kommunen vil informere om gjennomgangen til Asplan Viak og at du kan ha krav på erstatning frå kommunen. Du må sjølv vurdere om du meiner du har eit krav, det vil si om du har lidt eit økonomisk tap, om tapet skuldast feil som kommunen har gjort og ikkje andre, og om tapet skuldast aktløyse i kommunen. Dersom du meiner du har krav på erstatning, må du rette eit grunngeve og dokumentert krav til kommunen.

Eit eventuelt krav bør du sende inn innan 18. februar 2025.

### Bakgrunn for saka

Brevet og saka har bakgrunn i at kommunen gjennom ulike kanalar har fått tilbakemeldingar frå innbyggjarar. Fleire av desse trur dei reinseanlegga dei har søkt om, fått godkjent og bygd er dyrare løysingar enn nødvendig.

Kommunedirektøren bestemte at kommunen skulle gå gjennom alle søknadar om løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustader og fritidsbustader i tidsrommet 2020-2023. Målet med gjennomgangen var å finne ut om kommunen har stilt krav i utsleppsløyve som forureiningsregelverket ikkje gjer grunnlag for, og om kommunen har stilt krav om uforholdsmessig kostbare reinseløysingar.

Asplan Viak vart engasjert til å gå gjennom sakene. [Rapporten kan de lese her](#). Rapporten blei presentert i [møte i kontrollutvalet 2. juli 2024](#).

I eit nytt [møte i kontrollutvalet 10. oktober 2024](#) orienterte kommunen om oppfølging av rapporten frå Asplan Viak, og gjekk gjennom spørsmål og problemstillingar som blei tekne opp i rapporten og notat til rapporten. Kommunen gjekk også gjennom iverksette- og planlagde tiltak for å sikre at saksbehandling av søknadar og vilkåra i utsleppsløyva er i samsvar med krava i forureiningsregelverket. Det blei samtidig orientert om at kommunen vil sende eit informasjonsskriv til alle tiltakshavarar omfatta av gjennomgangen.

## Krav om erstatning

I møte i kontrollutvalet blei det også informert om at kommunen har motteke 9 klagar/krav om økonomisk kompensasjon som tek utgangspunkt i kommunen si saksbehandling av søknadar om utsleppsløyve.

Kommunen orienterte generelt om at kommunen kan bli erstatningsansvarleg for skade som skuldast at kommunen er uaktsam og går utanfor det som er rimeleg å rekne med etter arten av verksemda eller saksområdet. Det er dermed reglane for erstatning som trekker opp rammene for når innbyggjarar vil kunne krevje kompensasjon for feil dei meiner kommunen har gjort. Det grunnleggande utgangspunktet er at den som meiner dei har lidt ein skade må fremme og godtgjere eit erstatningskrav. Dette inneber at ein må påvise eit økonomisk tap og at tapet skuldast aktløyse i kommunen.

Tiltakshavarar som meiner dei er påført eit økonomisk tap som følgje av aktlaus saksbehandling, må derfor rette eit grunngjeve og dokumentert krav mot kommunen. Kravet bør innehalde:

- Skildring av kva kommunen har gjort feil i din sak.
- Skildring av det økonomiske tapet og korleis det skuldast eventuelle feil kommunen har gjort. Tapet må vere konkretisert med eit beløp og dokumentert med faktura eller liknande. Eige arbeid med ein sak vil ikkje vere eit økonomisk tap.

Mottatte krav vil bli meldt inn til kommunen sitt forsikringsselskap som vil vurdere om kommunen er erstatningsansvarleg.

## Forelding

Erstatningskrav er gjenstand for forelding, jf. lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer (foreldelsesloven). Forelding inneber at retten til få betaling fell bort.

Den generelle foreldingsfristen er tre år og løper fra «den dag da skadelidte fikk eller burde skaffet seg nødvendig kunnskap om skaden og den ansvarlige».

Etter foreldelseslova avbrytast foreldingsfristen som hovudregel når ein fordringshavar tek rettslege skritt mot skyldnaren for å få "dom, skjønn, voldgiftsdom eller tilsvarande avgjørelse". Det betyr at det må takast rettslege skritt innan fristen går ut. Å sende erstatningskrav til kommunen avbryter ikkje foreldingsfristen.

Foreldingsfristen kan bli forlenga ved avtale. Etter at eit krav har oppstått er det mogleg å avtale at foreldingsfristen skal forlengast med inntil tre år av gongen, maksimalt 10 år. Slik avtale må ein gjere før kravet er forelda.

For at eventuelle erstatningskrav ikkje skal bli forelda mens kommunen/forsikringsselskapet behandlar eventuelle krav om erstatning, vil kommunen forlengje foreldingsfristen for eventuelle erstatningskravkrav som ikkje allereie er forelda pr. 18.11.2024 og som blir forelda før 30.06.2025. Ein føresetnad er at kravet blir sendt til kommunen innan 18.02.2025. For desse krava blir foreldingsfristen utvida fram til 30.06.2025.

Forlenging av foreldingsfristen gjeld dermed ikkje krav som allereie er forelda pr. 18.11.2024. Krav som blir forelda etter 30.06.2025 følgjer alminneleg fristberekning. Det same gjeld krav som blir sendt inn etter 18.02.2025.

## Ytterlegare informasjon

I gjennomgangen av sakene, har Asplan Viak gjort undersøkingar på enkelte eigedommar og gjennomført intervju med tiltakshavarar og fagkyndige/prosjekterande. Tiltakshavarane vil kunne ta kontakt med kommunen for å få tilsendt informasjon om Asplan Viak sine vurderingar av søknad, kommunen sin sakshandsaming og vilkår i løyvet.

Kommunen vil også kunne gje generell informasjon om erstatningsreglane og forureiningsregelverket. Dersom de har behov for hjelp til konkrete vurderingar om det ligg føre eit erstatningskrav eller liknande, bør de innhente bistand frå andre enn kommunen.

Dersom du mottok dette brevet som utskrift på papir, vil de ikkje kunne nytte lenkene i dokumentet. Ta i så fall kontakt med kommunen for oversending av fysisk kopi av rapporten.

Med helsing

Terje Heggheim  
Kommunedirektør

Jan-Inge Hage  
Kommunalsjef teknisk og miljø

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.